

KULTURMINNE

Kulturhistorisk landskap

Ni landskap i Hordaland er utvalde til å vere med i Riksantikvaren sitt register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. I Nordhordland er Den Indre Farleia som omfattar kommunane Austrheim, Lindås og Radøy med på lista. Dei andre områda i fylket er Byfjellene, Fitjarøyane, Søre Børnlo, Etne, Rosendal, Indre Sørfjorden, Ytre Sørfjorden og Eidfjord. Riksantikvaren arbeider med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Målet er å kunne gjennomføre meir føreseileg arealplanlegging. At eit landskap er med i registeret inneber ikkje formelt vern.

MUSIKAL

- Unik musicaloppleveling

I tradisjon tru har elevane på Nordhordland Folkehøgskule nok ein gong gleda av å invitere til ei unik musicaloppleveling. Dette året er det den kjende musikalen «Annie» som blir sett opp laurdag 28. februar. Historia handlar om den foreldrelause Annie som tappert prøver å unnslippe barneheimen på leiting etter sin familie og passar for alle aldersgrupper, spesielt barn og familiær. - Musikalen er gratis, og unge og gamle er hjarteleg velkomne. Under showet vil det bli sal av kaffi og kaker til inntekt for bistandsprosjektet på skulen, opplyser skulen i ei pressemelding. Med sine 180 elevar er Nordhordland Folkehøgskule Noregs største folkehøgskule.

KULTURELT SAGT



Eg meiner ikkje
noko om alt, men
eg meiner ein del.

Claus Sellevoll

ny kyrkje eller kulturhus



ØNSKER MØTEPLESS: Kyrkjeverje Anne Sofie Nergård Uthaug meiner det er eit stort behov for eit skikkeleg lokale der ulike grupper kan møtast på Frekhaug. Eit av tilboda som stadig får fleire deltakrar er babysong. - Det er stor tilflytting, så behovet for ein plass å samlast er veksande, seier Uthaug.

FOTO: ELINE KIRKEBØ